



Statuttar for kulturminnefondet til Radøy kommune

§ 1. Om fondet

Kulturminnefondet vart oppretta av Radøy kommunestyre 30. juni 1999 ved avsetjing av 1.000.000 kroner frå BKK-midlar. Kommunestyret tilførte i møte 27. juni 2002, sak 31/02 ytterlegare 800.000 kroner til fondet. Fondet skal bera namnet "Radøy kommune sitt kulturminnefond".

§ 2. Kriterium for tildeling

Radøy kommune sitt kulturminnefond skal nyttast til å ta vare på verdifulle og verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre typar kulturminne i Radøy kommune. Kulturminne som er prioriterte i kulturminneplan, kulturplan og kommuneplan skal også prioriterast ved tildeling av midlar frå fondet.

Midlar frå Radøy kommune sitt kulturminnefond kan løyvast etter søknad til prosjekt som vil eller har utløyst eksterne midlar frå andre offentlege instansar og/eller private verksemder. Det kan i særlege høve også løyvast midlar til prosjekt som ikkje utløyser andre midlar.

§ 3. Kunngjering og tildeling av midlar

Tildeling av midlar vert gjort etter søknad. Søknaden skal innehalda ein tilstandsrapport, planar for utføring av arbeidet, kostnadsoverslag, framdriftsplan og finansieringsplan. Kunngjering av tilskotsmidlane skal skje i lokalavisene, på nettsider og i andre aktuelle fora i god tid før søknadsfristen. Søknadsfristen er normalt 1. september kvart år, men kan endrast dersom Norsk kulturminnefond eller Hordaland fylkeskommune endrar sine søknadsfristar for midlar til kulturminnevern.

Framlegg til vedtak vert gjort av rådmannen. Formannskapet i Radøy gjer endeleg vedtak om kven som får tildelt midlar frå Radøy kommune sitt kulturminnefond. Kommunestyret skal ha årleg melding om bruk av fondsmidlane.

§ 4. Utbetaling

Utbetaling av tilskot skjer når restaureringa/istandsetjinga er ferdig i tråd med planane og avtalen mellom tilskotsmottakar og kommunen. For større arbeid kan delutbetaling gjerast etter eigen avtale.

Når ein søkjar har fått tilsegn om tilskot må arbeidet utførast i innan to år, elles kan tilskotet falla bort. Når arbeidet er gjort skal tilskotsmottakar senda kommunen ein kortfatta rapport og godkjend rekneskap.

§ 5. Storleik på tilskot

Kulturminnefondet skal normalt ikkje bidra til meir enn 35 % av godkjend kostnadsoverslag. I særskilde tilfelle, avhengig av eigar sin nytte/økonomiske situasjon, kan kulturminnefondet bidra med inntil 50 % av godkjend kostnadsoverslag.

§ 6. Grunnkapital

Radøy kommune sitt kulturminnefond skal alltid ha ein grunnkapital på minimum 1.600.000 kroner. Det er berre avkastninga av fondet som kan nyttast.

Dersom det treng meir midlar enn eitt års avkastning for å redde særleg viktige kulturminne, kan to års avkastning nyttast. Fondet kan då ikkje nyttast meir før grunnkapitalen igjen er 1.600.000 kroner. Det skal vera ei målsetjing å auka kulturminnefondet sin grunnkapital.

§ 7. Endring av statuttane

Endring av statuttane Radøy kommune sitt kulturminnefond skal godkjennast av kommunestyret.

Vedtatt i kommunestyret 30. mai 2013, sak 16/13.